


TERMPOSTEN

Nr. 2
desember 2014

SPRÅKRÅDETS NYHEITSBREV
OM TERMINOLOGI

INNHOLD:

<u>Redaksjonens vindauge</u>	2
<u>Sidan sist</u>	2
<u>Nyheiter</u>	3
<u>Visste du at? Om Språkrådets datatermgruppe og -liste</u>	3
<u>På kornet – portrettintervju med Ágústa Þorbergsdóttir</u>	4
<u>Aktuell term: gittercelle</u>	4
<u>Spørsmål og svar 1: Kva kan ein kalle beacon?</u>	5
<u>Spørsmål og svar 2: Korleis skal ein skrive desse «e-orda»?</u>	5
<u>Lesarhjørnet</u>	5
<u>Terminologgen</u>	6
<u>Nokre komande arrangement</u>	6



Redaksjonens vindauge

Nok eit år har gått, og jula nærmar seg. Det har vore ein travel haust for terminologane i Språkrådet med både kurs, seminar og Språkdagen. Desse arrangementa kan du lese meir om i spaltena «Sidan sist» nedanfor. I tillegg kan du i dette nummeret av *Termposten* mellom anna lese om kven som fekk språkmidlane Kulturdepartementet lyste ut tidlegare i år, om datatermarbeidet i Språkrådet og om *gitterceller*.

Frå nyttår får Språkrådet eit nytt fagråd som har ansvar for mellom anna terminologi. Fagrådet for samfunn og høgare utdanning og fagrådet for terminologi og fagspråk vert erstatta av eitt nytt fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. Det nye fagrådet overtek arbeidsområda til dei to gamle fagråda, og er knytt til seksjonen for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning.



Vi vil gjerne få ønskje alle ei riktig god jul og eit godt nytt år!

Sidan sist

Kurs i terminologiarbeid

I slutten av oktober heldt fagrådet for terminologi og fagspråk sitt årlege kurs i grunnleggjande terminologiarbeid. I år var vi i Kristiansand, og det var ca. 15 deltakarar. Fleire av fagrådsmedlemmane var forelesarar, og i tillegg bidrog Sissel Rike frå Universitetet i Agder med eit innlegg om terminologi og fagomsetjing.

Nordisk seminar

17. november vart det skipa til eit nordisk seminar om terminologi. Her vart ulike løysingar for organisering av terminologiressursar presenterte av representantar frå dei nordiske landa. Tittelen på seminaret var «Alle termer på (r)ett sted? Om ulike løsninger for organisering av terminologiressurser – samling eller spredning?».

Seminaret viste at det er ulike løysingar i dei nordiske landa. Sverige har ei sentralisert løy-

sing med [Rikstermbanken](#). I Finland er det no planar om å slå saman deira ressursar til éi felles plattform. Danmark er i startfasen i sitt arbeid med ein nasjonal termbank, men har kome langt i arbeidet med automatiske verktøy for mellom anna ekstrahering av termkandidatar. Island har fleire ressursar som er spreidde rundt i forskjellige basar. I Noreg er ressursane også spreidde på fleire termbasar, men her vart det presentert eit arbeid for å lage ein termportal, som er eit felles søkjegrensesnitt for søk i fleire termbasar på ein gong.

Språkdagen

Språkrådets årlege språkdag gjekk av stabelen tysdag 18. november. I år var det fagrådet for terminologi og fagspråk som var arrangør. Hovudinnlegget vart halde av Henrik Nilsson frå Terminologi-centrum TNC i Sverige. Han

presenterte arbeidet deira med Rikstermbanken. Johan Myking frå Universitetet i Bergen gav ei kort innføring i terminologi og etterpå ei historisk oversikt over terminologiarbeid i Noreg.

Programmet inneholdt også to panelsamtalar. Den første såg på stoda i dag og presenterte ulike terminologiressursar. Den andre såg framover på behov som ikkje er dekte.

Fagrådet hadde også fått gjennomført ei undersøking av kor godt folk kjenner termar frå bank og forsikring, og resultata viste at dei fleste var godt kjenne, med to unntak: annuitetslån og yttingsbasert pensjon.

Tradisjonen tru vart Språkprisen delt ut, og i år var det tidsskriftet *Vagant* som fekk prisen for framifrå bruk av bokmål i sakprosa.

[Du finn eit referat frå Språkdagen på våre nettsider.](#)

Nyheiter

MeSH på norsk

[Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta](#) og [Helsebiblioteket.no](#) arbeider med å omsetje helserelaterte termar (MeSH) frå engelsk til norsk. Du kan no søkje på dei i ein pilotversjon av databasen. Innhaldet tel i dag over 20 000 norske termar og 27 500 engelskspråklege termar.

Du kan vitje basen på <http://helsebib.computas.no/>

Kjemisk terminologi

Prosjektgruppa for kjemisk terminologi oppdaterer og utvidar innhaldet i Språkrådets termwiki på feltet. I haust har 35 nye omgrep vorte lagt til, og samlinga tel no 380 omgrep. Alle termpostane har fagtermar på bokmål, nynorsk og engelsk, og definisjonar ligg føre.

Av dei nye termane finn vi mellom anna korrosjon, ideell gasslov, sublimasjon, hydrolyse og mange andre.

«Parallellspråk og domene»

I boka «[Parallellspråk og domene](#)» diskuterer forfattarane Sigríður Jónsson, Christer Lau-rén, Johan Myking og Heribert Picht dei to språkpolitiske omgrepene ‘parallellspråklegheit’ og ‘domenedynamikk’ i nordisk fagkommunikasjon. Boka ser på bruken av omgropa i offentleg diskusjon og kjem med framlegg til tiltak mot bruken av engelsk, særleg i universitets-sektoren.

Midler til terminologiprosjekter

Kulturdepartementet lyste ut 4 millioner kroner til språktak i sommer, og fire terminologiprosjekter har fått til sammen 1,3 millioner kroner i støtte. De som fikk støtte, var Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten, Standard Norge, Universitetsbiblioteket i Bergen og Norges handelshøgskole.

[Du finner hele oversikten her.](#)

Nordterm 2015

Nordterm 2015 arrangeres i Reykjavik på Island fra 9. til 12. juni 2015. Den 9. juni holder Henrik Nilsson fra Terminologicentrum TNC kurset «Red ut begreppen».

Konferansen 10. og 11. juni har temaet *Forvaltning affagsprog i samfundet. – Hvem har ansvaret? Hvem tager ansvaret?*

Det hele avsluttes med Nordtermforsamlingen den 12. juni.

EAFT i Barcelona

Den europeiske terminologiorganisasjonen EAFT arrangerte toppmøte 27. og 28. november i Barcelona. Temaet denne gangen var sosiale nettverk og hvordan disse kan påvirke terminologiarbeid. Flere innlegg tok for seg hvordan sosiale medier og data-dugnad kunne utnyttes i arbeid med terminologi.

[Du kan lese programmet her.](#)

Viste du at? Om Språkrådets datatermgruppe og -liste



Språkrådet har en egen [liste med datatermer](#) på nettsidene sine. Denne lista inneholder forslag til norske oversettelser av engelske dataord og datatermer i tillegg til forklaringer/definisjoner.

Lista utarbeides av [Språkrådets datatermgruppe](#). Gruppa ble opprettet i 2009 og har medlemmer fra flere ulike datafaglige miljøer, blant annet medier, oversetterbyråer, offentlig forvaltning og universitets- og høyskolesektoren. Gruppa diskuterer og kommer med forslag til norske dataord,

og disse forslagene samles i en [datatermliste på Språkrådets nettsider](#) og i [Språkrådets termwiki](#). Termene som diskuteres, er i hovedsak brukernære og nyere datatermer. I tillegg inneholder lista en del basisord innen data.

Datatermlista oppdateres etter hvert som nye forslag kommer til fra datatermgruppa. Hvis du har forslag til engelske dataord gruppa bør diskutere, kan du sende en e-post til dataterm@sprakradet.no.

På kornet – portrettintervju med Ágústa Þorbergsdóttir

Ágústa Þorbergsdóttir arbeider blant annet med terminologi ved Árni Magnússon-instituttet på Island.

Hva er det beste med jobben din?

Det er et spændende job med udfordringer og varierende arbejdsopgaver og kontakt med mange mennesker.

Hvilken utdanning har du etter videregående skole?

MA i islandsk og linguistik (almen sprogvidenskab) fra Islands Universitet. Jeg tog også pædagogikum og kurser i latin, græsk og teologi fra Islands Universitet.

Hva var favorittfaget ditt på barneskolen?

Regning og håndarbejde.



Hvorfor er arbeid med terminologi viktig?

Terminologiarbejde er vigtigt for at fremme den faglige kommunikation. En klar terminologi hjælper til at undgå misforståelser og skaber fælles grundlag for entydig kommunikation. Terminologiarbejde er også vigtigt for at sikre nationalsprogets funktionsdygtighed.

Om du kunne velge et annet yrke, hvilket og hvorfor?

Måske lærer fordi lærerjobbet er udfordrende, varieret og fagligt krævende.

Hva leser du helst på fritida?

Skønlitteratur, faglitteratur, aviser og tidskrifter.

Hva er din favoritterm?

Min favoritterm er *hlot* som er en islandsk neologisme inden for ingeniørvidenskab, og det betyr 'afgrænsset enhed af materiale' (norsk: *legeme*). Termen *hlot* har samme etymologi som ordet *hlutur* og beslægtet med verbet *hljóta*. Denne måde at danne ord på er meget ualmindelig, men nye islandske termer dannes hovedsagelig gennem sammensætnig eller afledning.

Aktuell term: *gittercelle*

I år gjekk nobelprisen i fysiologi og medisin til m.a. forskarane May-Britt og Edvard Moser for oppdagingane dei har gjort av korleis stadsansen fungerer i hjernen. Dei har oppdaga ein type nervecelle som gjev oss ein slags indre GPS. Denne vert kalla for *gittercelle*.

Moser-ekteparet har gjennom mange eksperiment registrert hjerneaktiviteten til rotter i bur. Dei oppdaga nokre nerveceller som var aktive når rotta var på bestemte punkt i buret. Dei aktiverte nervecellene danna eit heksagonalt mønster. Rotene laga altså eit mentalt kart i form av eit gitter.

Danskane nyttar også *gittercelle*, medan ein på svensk kallar dei for *rutnätcelle*, og det gjev jo også mening. Ordet *gittercelle* er òg brukt frå før i fag som krystallografi.

Andre celletypar som er med på å danne naviga-

sjonssystemet i hjernen, er *stadcelle*, *hovudretningscelle*, *fartscelle* og *kantcelle*.

Du kan lese meir om *gittercella* og dei andre på [Store norske leksikon](#) og på [forskning.no](#).





Foto: Wikimedia

Spørsmål og svar 1: Kva kan ein kalle *beacon*?

Det er mykje snakk om ein ny teknologi som sender signal til mobiltelefonar. Det gjeld veldig små radiofyrtårn som vert nytta mellom anna i butikkar. På engelsk kallar ein dei for *beacon* eller *ibeacon*. Kva kan ein kalle dei på norsk?



Det engelske *beacon* tyder eigentleg ‘radiosendar’ eller ‘fyrtårn’, men her har det fått eit nytt bruksområde. Om ein ønskjer eit kort ord, kan ein ta utgangspunkt i *fyr* og leggje til eit forklarande forledd. Her er det ulike moglegheiter. Om ein legg vekt på at desse dingsane er små, kan ein tenkje seg *mikrofyr*. Eit alternativ kan også vere *smartfyr*. *Smart-* som forledd vert ofte nytta i nyord som syner til ny teknologi. Ein treffande kandidat er *mobilfyr*, og dette ordet har så vidt kome i bruk i [Aftenposten](#). Ein kan også tenkje seg *blåtannfyr*. Det er eit presist, men langt ord. Ordet bør kunne nyttast i samansetjingar utan at det blir for tungt, jf. *mobilfyrteknologi* og *blåtannfyrteknologi*.

Spørsmål og svar 2: Korleis skal ein skrive desse «e-orda»?

Samansette ord med *e* som førsteledd vert skrivne på ulike måtar, mellom anna er skrivemåten *eHelse* utbreidd, men eg ser også skrivemåtar som *ehelse* og *e-helse*. Det gjeld også *efaktura*/*eFaktura*/*e-faktura*. Kva er rett?

Språkrådet tilrår bindestrek i desse «e-orda», altså *e-helse* og *e-faktura*. Det følgjer same mønster som i andre ord der førsteleddet er éin bokstav, til dømes *i-land*, *p-pille* og *x-akse*. Det einaste unntaket er *ubåt* (ikkje *u-båt!*). Vi tilrår difor ikkje *ehelse* og *efaktura*, og særleg ikkje *eHelse* og *eFaktura*.

Du kan lese meir om eit liknande ord, *e-post*, i ein artikkel i [Språknytt 1/2002](#). Det siste avsnittet tek for seg bruken av bindestrek.

Lesarhjørnet

I forrige nummer var det *terrasse*, *altan*, *balkong* og *veranda* som var tema. Her avgjør byggemåten hva som er hva, finner vi i *Byggeteknisk fagleksikon* fra Universitetsforlaget (1980): *Altan* er en ikke overbygd oppholdslass på tak. *Balkong* er konstruert som et framspring

med golv som fortsettelse av golvet i rommet innnefor. *Balkongen* kan bæres av bjelker som er utkraget fra golvet innenfor eller av konsoller. *Terrasse* er en planert avsats foran fasade, mens *veranda* er en åpen eller overbygd oppholdslass som tilbygg til hus.

I sommer var det sjakk-OL i Tromsø, og i høst møttes Magnus Carlsen og Vishy Anand til VM. Det diskuteres ofte om sjakk er en sport eller idrett eller ingen av delene. Hva er egentlig forskjellen på *sport* og *idrett*? Send gjerne synspunkter til term@sprakradet.no.

TERMINOLOGGEN

Du finn ein oppdatert kalender over komande terminologirelaterte arrangement på nettsidene våre:
www.sprakradet.no/termkalender.

Nokre komande arrangement

18.–20. februar 2015 arrangeres konferansen [Quo Vadis, Terminologia?](#) i Paris, Frankrike. Dette er en internasjonal konferanse til ære for John Humbley og hans arbeid med terminologi. Arrangør er CLILLAC-ARP (the Centre for Interlanguage Linguistics, Lexicology, English and Corpus Linguistics – Workshop for Research on Speech, EA 3967) ved universitetet Paris Diderot.

9.–12. juni 2015 er det tid for *Nordtermdagane* i Reykjavik på Island. Det startar med kurs den 9. juni. Tema for konferansen dei neste to dagane er *Forvaltning affagsprog i samfundet. – Hvem har ansvaret? Hvem tager ansvaret?* 12. juni blir det heile avslutta med Nordtermforsamlingen. Lenkje til nettsida for arrangementet blir lagt ut i *Terminologgen* når sida er klar, så følg med på nettsidene til Språkrådet.

13.–17. juli 2015 arrangeres [TermNets årlige sommerskole i terminologi](#). I år arrangeres den i Køln, Tyskland. Hvis du melder deg på nå, får du 10 % rabatt for tidlig påmelding.

TERMINOLOGIARBEID I SPRÅKRÅDET

Postadresse:

Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

Besøksadresse:

Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50

Telefaks: 22 54 19 51

E-post: term@sprakradet.no
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Språkrådet har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Arbeidet med terminologi er plassert i seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. Tre rådgjevarar arbeider på området, og dei samarbeider tett med Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. På området skal Språkrådet

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådriver for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

<http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/>

Språkrådet gir ut ei rekke publikasjonar, blant anna *Termlosen*, ei innføring i terminologiarbeid. [Du kan lese meir om Termlosen her.](#)

Språkrådet

RIKTIGE TERMAR GIR GODT
FAGSPRÅK